



## Årets kunstfoto 2021 – Rune Sævig

Årets kunstfoto 2021 er levert av Rune Sævig. Han er pressefotograf i Bergens Tidende, og har vunnet en rekke priser opp gjennom årene. Men Rune jobber også en hel del med egne prosjekter. Årets kunstfoto er et av bildene fra serien «**Under plast**». Hvor han ønsker å skape nysgjerrighet hos betrakter, uten å egentlig fortelle hva som befinner seg inni «innpakningen». Hele serien er fotografert analogt med storformatkamera (4x5''). Etter fremkalling, blir filmen scannet, og bearbeidet digitalt, før bildet er printet på bomullspapir. Og selvfølgelig signert, før innramming med kunstglass, for å redusere reflekser.

Frode Grytten har skrevet følgende tekst til fotoprosjektet:

Alt må pakkast inn, alt må inn i plast snart er hausten her, snart er vinteren her då er regnet det einaste vi har regnet og blåsten, vestabygene og nordavinden rutene som bular inn og ut, ulinga i telefonrādane slik er det her vest: alt må pakkast inn høygaflane og plogen, forhaustaren og hagebenken alt saman: saga og vedkløyvaren og gravemaskina den nye traktoren, den gamle volvoen rytmegitaren må pakkast ned, trompeten òg alt må vernast frå trommande regn og januarvind alt må pakkast inn om det skal funke til våren båtane, skilta, nausta, uthusa, steingardane altsaman: kyrkjene og rådhusa og nav-kontora heile vestlandet må pakkast inn fram til april-mai byfjella og strilelandet, hardanger og vossevangen bruene og vegane, venteromma og togstasjonane alt skal pakkast inn: samtalane våre ekteskapa våre, hendene våre, kjærteikna våre alt må inn under presenningane: kyss, flørt, sex det hastar med å få pakka ned sjalusien og attråen hagesjuka og drømmane, visjonane og nabofeidane skal vi komme oss gjennom desse månadene skal vi tole denne kvininga over hustaka alle desse kreftene som er i sving utanfor oss også hjarta må pakkast inn få plasten rundt dei, stuv dei bort men ver varsam, mi kjære, pass på ingenting må gå i stykke, alt må skje rolig hjartet er vårt finaste maskineri, ei girkasse i brystet i april skal hjarta pakkast ut igjen og stå i brann harde pakkar, hardt regn.



Frode Grytten har skrevet følgende tekst til fotoprosjektet «Under plast» av Rune Sævig:

Alt må pakkast inn, alt må inn i plast snart er hausten her, snart er vinteren her då er regnet det einaste vi har regnet og blåsten, vestabygene og nordavinden rutene som bular inn og ut, ulinga i telefonrādane slik er det her vest: alt må pakkast inn høygaflane og plogen, forhaustaren og hagebenken alt saman: saga og vedkløyvaren og gravemaskina den nye traktoren, den gamle volvoen rytmegitaren må pakkast ned, trompeten òg alt må vernast frå trommande regn og januarvind alt må pakkast inn om det skal funke til våren båtane, skilta, nausta, uthusa, steingardane altsaman: kyrkjene og rådhusa og nav-kontora heile vestlandet må pakkast inn fram til april-mai byfjella og strilelandet, hardanger og vossevangen bruene og vegane, venteromma og togstasjonane alt skal pakkast inn: samtalane våre ekteskapa våre, hendene våre, kjærteikna våre alt må inn under presenningane: kyss, flørt, sex det hastar med å få pakka ned sjalusien og attråen hagesjuka og drømmane, visjonane og nabofeidane skal vi komme oss gjennom desse månadene skal vi tole denne kvininga over hustaka alle desse kreftene som er i sving utanfor oss også hjarta må pakkast inn få plasten rundt dei, stuv dei bort men ver varsam, mi kjære, pass på ingenting må gå i stykke, alt må skje rolig hjartet er vårt finaste maskineri, ei girkasse i brystet i april skal hjarta pakkast ut igjen og stå i brann harde pakkar, hardt regn.